

Korsrud - Kårsrud (gnr. 149)

Kårsrud: Gardnamn av det tidlegare brukte mannsnamnet Kaar (Kárr).

Garden er blant dei mange Fåberg-gardane som er nemnt i skinnbrevet av 1330, og namnet er der skrivi Karssrud. Så går det mange, mange år som det ingenting er å finne om garden. Først i 1604 finn vi han atter, og er da merkeleg nok nettopp skrivi "Korsrud". Garden svara da si ekstra korntiende med ei ½ tønne, som Dallerud og Kasterud. I 1610 er Lauritzs Korsrud listeført i gruppa "Husmend", som kvar betalde ein ½ dalar i skatt. Men året etter finn ein i 1611 "Elling Korsrud" ført blant "Ødegaardsmend". "Elling KorsRud" var og brukar på garden i 1620, og garden er framleis ført i gruppa for øydegardar. Det eine med det andre tyder på at Korsrud var blant dei gardane som vart hard herja av Svartedauden i 1349-50. I 1624 er det elles opplyst at Ellings Korsrud og var jordeigande bonde og forutan jordgods til 9 skinn skyld i Korsrud og åtte jordgods til ei ½ hud i "Liungaard". – Etter manntalet for Koppskatten 1615 hadde det vore brukarskifte på garden, og Christopher Korsrud svara da den utlikna skatten for "2 Mandfolch" og "2 Quindfolch" med til saman ½ dalar i pengar. Frå år 1657 har ein manntalet for den utlikna "Kvegskatten". Det fortel tydeleg at Korsrud var inne i ei god framgangstid, og buskapen der var da: 1 hoppe, 2 hestar, 18 naut, 3 sauer og 2 griser. Eigaren og brukaren på garden heitte også da Christopher Korsrud, som sjølv åtte jordgods til 1 hud 3 skinn i "bemeldte Korsrud". – Om den mannlege arbeidshjelpa på garden fortel Mannkjønnsantalet av 1665 at brukaren med farsnamn heitte Christopher Ellingsen, at han da var 68 år, og at han hadde ein son som var oppattkalla etter bestefaren og heitte Elling, men enda var berre 18 år. År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om "Kaarsrud" fortalt at buskapen av store husdyr da var 2 hestar og 12 naut, og at korntienda vart utreidd med 3 tønner, som altså svara til ei årsavling på 30 tønner. Vidare er det oppgitt at "Engen er Temmelig, Kand ej forbedris", men det var skog til gards bruk, ein liten humlehage og seter og sommarbeite for krøtera på "Kinnaseter". Her bør ein og nemne at landskylda 1 hud 3 skinn eller 3 bismarpund smør var den samla skyld av garden, og at brukaren Christopher sjølv åtte garden Kaarsrud.

Men i 1710 var det sonen Peder Christopher som hadde tatt over og var brukar på Korsrud. Han fekk da bevillingsseddel på "en sæterløkke på Kinden sæter for to lass hø". Etter det levde Peder Christophersen elles berre i 7 år. Han døde i 1717, og det var da arveskifte på "Korsrud i Faaberg". Ved dette skifte er det opplyst at arvebuet utgjorde 227 rd. og da truleg slik at jordegodset Korsrud var medrekna. Arvingane ved skiftet var forutan enka Kari Olufsdtr. dei 4 sønene i ekteskapet: 1. Christopher, 2. Oluf, 3. Elias, som var vanfør, 4. Simen. Fleire opplysningar om gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget av 1723. Der er det om "Korsrud" fortalt at Christopher Pedersen hadde tatt over og var brukar av garden. Vidare går det og fram at landskylda av Korsrud framleis var 1 hud 3 skinn. Det er dessutan oppgitt at Korsrud ligg i sollia, at garden da var "temmelig" lettbrukt, og at jordarten der er god. Husdyrhaldet på garden var da 3 hestar, 18 naut, 20 sauer og 3 geiter, og den årlege høyavlinga utgjorde kring 30 lass. Vidare er det og oppgitt at den årlege utsæd av korn var kring 6 tønner bygg og litt rug. – To år seinare fekk og Christopher Pedersen søskenskjøte på grd. Korsrud av skyld 1 hud 3 skinn for kjøpesum 180 rd. Broren Oluf skreiv seg da for Ole Pedersen Huuse.

Seksten år seinare var husfrua på Korsrud, Sønnøv Arnesdtr., død, og det var da atter arveskifte på "Korsrud i Faaberg". Ved dette skiftet går det tydelig fram at garden Korsrud av skyld 1 hud 3 skinn er medregistrert i buet som dermed utgjorde brutto 686 rd. og netto 584 rd. Arvingane ved skiftet var forutan Christopher Pedersen dei 7 borna i ekteskapet. Dei var: 1. Peder, da 18 år, 2. Amund, 17 år, 3. Anne, 15 år, 4. Arne, 13 år, 5. Kari, 7 år, 6. Guro, 5 år, 7. Beret, 4 år. Av dei vart i 1745 Anne gift med Lars Pedersen Huse; Arne vart i 1757 gift med Beret Arnesdtr. Ulland, og Guro vart i 1760 g.m. Jon Andersen Gryte, Gausdal. – 7.

september 1747 var og faren, føderådsmannen Christopher Korsrud død og arvingane gav da skjøte til eldste bror og odelsmann Peder Christophersen og hans arvingar for kjøpesum 250 rd.

Peder Christophersen f- 1720, som dermed tok over som husbond på Korsrud, gifta seg i 1750 med Anne Simensdtr. Fliflet, men både ho og barnet døde i barselseng den 23.1. 1751.

Enkemannen Peder Korsrud gifta seg så i 1753 oppatt med Beret Larsdtr. Døsen f. 1736, og dei fekk i sitt ekteskap to døtre. Det var: 1. Anne f. 1754, 2. Sønnøv f. 1761, gift 1781 med Simen Nilsen Nørstevold, Gausdal.

Husmannsplassen Korsrudstuen er omhandla 14. september 1751. Peder Christophersen Korsrud gav da bygselseddel til Ole Olsen på ”en hans gård Korsrud til og underliggende husmandsplads Korsrudstuen kaldet inden gårdens akerjorde beliggende mot årlig husleie 2 rd. ved årsarbeide.”

Av 14. september 1757 er ein tinglege deklarasjon som her kan vera av interesse, og som etter utskrift har denne ordlyden:

”Korsrud.

Deklarasjon dat. 14. septbr. 1757 tgl. 5. oktober s.å.

Peder Christophersen Korsrud av Fåberg tilstår at han av villfarelse har hugget en del saugtømmerstokker på Kin-Kjølen beliggende på den vestre side av Gusdahls Elven som er tilhørende gårdene Lien, Stræte og Ourlien, Arlien, Kitlie, begge Grønlien og Koxlie, og han lover ikke å komme der med noget videre bruk mer uten forlov av Kind Kjølens berettigede, som er opsidderne av ovenbemeldte gårder.”

Gamle Peder Christophersen hadde ættegarden Korsrud til i 1788, da han skjøta garden over til dottersønene sine Lars og Amund Thallaug, som var søner av Ole Amundsen Thallaug og Anne Pedersdatter Korsrud f. 1754. Båe døtrene til Peder Korsrud f. 1720 og Beret Døsen Korsrud var såleis gifte til Gausdal, Anne til Thallaug og Sønnøv til Nørstevold. – Av 1794 er elles ei tingvitnessak, som etter utskrift framsteller saka slik:

”Korsrud i Fåberg. 19. juni 1794.

Tingsvidne.

Ole Amundsen Thalloug har som far og forsvar for sine 2 sønner Lars og Amund Olssønner innstevnt Peder Korsrud til å høre vidner om at han fra 14. april 1782 har påtatt sig å bruke grd. Korsrud med derværende løsøre, hvilket alt er citanternes eiendom, på beste måte, samt at han mislig har oppfylt denne forpliktelse.

Eragtet: Innstevnte, men uteblevne Peder Korsrud tilsvarende denne sak neste høsteting, til hvilken tid ogsaa vidnerne forelægges å møte.

10. oktbr. 1794.

Saken ble erklært forlikt og opphevet.”

To år seinare makeskifta i 1796 dei to brørne garden Korsrud slik at broren Lars Olsen fekk eit Korsrud av skyld 7 ½ skinn, og broren Amund fekk eit Korsrud av skyld 6 ½ skinn.

I 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 6 familiar på og/eller ved Korsrud. Dei var:

1. familie: 1. Lars Olsen, husbonden, 27 år. 2. Guri Siversdtr., kona hans, 25 år. 3. Ole Larsen, son deira, 5 år. 4. Simen, son deira, 3 år. 5. Peder, son deira, 1 år. 6. Berit Olsdtr., tenestkvinne, 65 år, 7. Guri Knudsdtr., tenestkvinne, 14 år, 8. Anne Larsdtr., tenestkvinne, 12 år, 9. Peder Christophersen, føderådsmann, 80 år.,

2. familie: 1. Lars Olsen, husmann med jord, dragon, 40 år. 2. Marit Pedersdr., kona hans, 26 år, 3. Ole Larsen, son deira, 2 år.
3. familie: 1. Ole Pedersen, husmann med jord, 63 år. 2. Mari Pedersdr., kona hans, 58 år.
4. familie: Christopher Tordsen, ”inderste uden jord og gaaer i Dagleie”, 30 år. 2. Mari Erichsdatter, kona hans, 26 år.
5. familie: 1. Anders Olsen, husmann med jord, 56 år. 2. Ragnild Olsdr., kona hans, 53 år, 3. Arne Andersen, son deira, 15 år, 4. Gunni Olsdatter, 26 år, ”Nyder hielp af Sognet”.
6. familie: 1. Thorger Thorgersen, husmann med jord og dragon, 34 år. 2. Sidsill Olsdr., kona hans, 23 år. 3. Ole Thorgersen, sonen deira, 3 år.

Husbonden Lars Olsen Korsrud, som i 1795 hadde gifta seg med Guri Siversdr. Ulven, og dei fekk i sitt ekteskap 12 born. Dei var: 1. Ole Larsen, f. 1796, 2. Simen f. 1898, 3. Peder f. 1800, 4. Anne f. 1802, 5. Berte f. 1804, 6. Randi f. 1807, 7. Amund Thallaug f. 1809, 8. Kristian Holen, f. 1811, 9. Christopher f. 1814, 10. Erland f. 1816, 11. Peder f. 1818, 12. Torine f. 1821.

Brørne Lars Olsen og Amund Olsen brukte Korsrud isaman til i 1807, da Lars skjøta Korsrud av skyld 1 hud 3 skinn over til broren for kjøpesum 1800 rd. – Dette skjøtet som gir fleire interessante opplysningar er elles etter avskrift referert slik:

”Korsrud.

Skjøte Dat. 1807, oktbr. 15. Tgl. 1808, februar 15. fra Lars Olsen til sin bror Amund Olsen på Korsrud, matr. nr. 63, av skyld 1 hud 3 skind for 1800 rd. Med i kjøpet følger lagesildfiskevarpet ved Brunlaug, som han kjøpte ved skjøte av 14. april 1763, tgl. 18. juni s.å. Føderåd til Lars Olsen og hustru. Melder nogen sig med odelspretention så skal vedk. svare kjøpesummen, føderådet samt de på gården anvendte forbedringer. Hvis kjøperen skulle ville selge d.g. igjen, skal den først tilbydes Lars Olsen for 2000 rd.”

I samband med denne handelen lånte kjøparen Amund Olsen Korsrud elles 599 rd. av pigen Marte Iversdr. Lysgaard mot pant i Korsrud av skyld 1 hud 3 skinn. – Men 4 år seinare sel Amund Olsen Korsrud, som var ugift, garden Korsrud tilbake til broren Lars Olsen Thallaug for kjøpesum 1360 rd. + føderåd for resten av levetida til broren Amund Korsrud.

Litt meir om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om Korsrud oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 3 hestar og 20 naut, og at den årlege kornavlinga utjorde kring 66 tønner. – To år seinare skjøta i 1821 Lars Olsen Thallaug garden Korsrud i Fåberg over til eldste sonen sin Ole Larsen Korsrud for kjøpesum 1200 spd.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 fekk Korsrud som si nye matrikkelskyld: 9 skylddalar 13 skilling, og det var framleis Ole Larsen f. 1796 som var eigar og brukar av Korsrud. Nett 10 år seinare var det i 1848 mindeleg utskifting av ”Kinden Sæterlag”, der grd. Korsrud hadde gamal bruksrett, sikkert både til hamning og hogst. – Av 14. juni 1852 er ei tinglese kjøpekontrakt mellom faren Ole Pedersen og sonen Peder Olsen f. 1822 om hans overtaking av garden, og 7 år seinare fekk så Peder Olsen f. 1822 skjøte på farsgarden Korsrud for kjøpesum 1400 spd. og eit føderåd verdsett til 250 spd.

Peder Olsen Korsrud f. 1822, som dermed tok over som eigar og brukar av ættegarden Korsrud, gifta seg i 1849 med Marie Pedersdr. Ormerud, og dei fekk 4 born. Det var: 1. Ole f. 1849, 2. Peder f. 1854, 3. Rønnaug f. 1860, 4. Jørgine f. 1868.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det såleis om Korsrud oppgitt at det samla jordbruksareal av

åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 353 mål, og av dette var 77 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det opplyst at buskapen på sjølve garden Korsrud da var: 5 hestar, 20 storfe, men dertil var det til saman på husmannsplassane til garden: 1 hest, 5 kyr og 10 småkrøter. Først på same måten var utsæden på sjølve Korsrud gard: ca. 12 tønner korn og 7 ½ tønne settepoteter, men dertil var utsæden på husmannsplassane til saman: ca. 3 tønner korn og 3 tønner settepoteter.

År 1877 er husmannsplassen Korsrudstykket nemnt. Husbonden Peder Olsen gav da husmannskontrakt på plassen Korsrudstykket til Andreas Arnesen og hustru. Kontrakten er elles datert 26/4 1859, men tinglese først 20/8 1877. Same året, altså i 1877, gav og faren Peder Olsen f. 1822 skjøte til eldste sonen Ole Pedersen f. 1849. Kjøpesummen for garden var da kr. 5.000,-, og dertil kom eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1.750,-. Ved denne handelen vart det elles gjort det atterhald at søskena til kjøparen ved salg av garden seinare hadde forkjøpsrett for kr. 10.000,-.

I 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen og Korsrud i Fåberg fekk som sitt nye gardsnummer nr. 149 av samla skyld 11,95 mark, og enda unge Ole Pedersen Korsrud f. 1849 var framleis eigar og brukar av garden.

Som eit streif av nyare tid tek vi her med at ved kommunevalet i 1901 budde det 7 personar med røysterett på og/eller ved Korsrud. Dei var: 1. gardsbrukar Ole Pedersen Korsrud, 51 år. 2. husmor Oline Kristensdtr. Korsrud, 34 år. 3. føderådskone Marie P. Korsrud, 5. gardbrukarson Peder Pedersen Korsrud, 47 år, 5. husmann Amund Jansen v/Korsrud, 39 år, 6. husmor Tora Johansdtr. V/Korsrud, 36 år, 7. husmann Frants Pedersen v/Korsrud, 41 år.

På 1900-talet vart så etter kvart grn. 149 Korsrud utparsellert i fleire bruksnummer. I 1908 vart spleis ein parsell brn. 2 Rud fråskilt garden og skyldsett for 1,99 mark, som Ole Korsrud framleis var eigar og brukar av. I 1914 vart brn. 3 Synstrud av skyld 0,46 mark fråskilt og selt til Sigurd Pettersen, og i 1931 kjøpte Even L. Synstrud brn. 4 Synstrud av skyld 0,20 mark. Visstnok same året tilhandla Marcus M. Finsveen seg grn. 149, brn. 5 Nørsterud, skyld 0,45 mark, og Mikael Stuksrud kjøpte i 1937 brn. 6 Engeli av skyld 0,60 mark.

Etter dette var det ved jordbruksregistrering av 1939 fem bruksnr. under gardsnr. 149 Korsrud med kvar for seg eit jordbruksareal av åker hage og eng på meir enn 10 mål (da). Dei var: a. Grn. 149, brn. 1 Korsrud med eit jordbruksareal på ca. 120 mål, som Paul P. Korsrud da var eigar og brukar av. b. brnr. 2 Rud, jordbruksareal ca. 40 mål med Martinius Korsrud som eigar og brukar, c. brn. 3 Sønsterud, jordbruksareal ca. 40 mål, d. Brn. 5 Nørsterud, jordbruksareal ca. 40 mål, eigar og brukar: Markus Finnsveen, e. brn. 6 Engeli, jordbruksareal ca. 40 mål og med Mikal Stuksrud som eigar og brukar.